



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
89/2015	Kommunestyret	PS	14.12.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Truls Morten Kaland	FE - 151	15/1109

### BUDSJETT 2016 FOR AO-SENTERET - GODKJENNING

#### Vedlegg:

Budsjett 2016 AO-senteret

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Budsjettframlegget for 2016 for Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringscenter KF vert godkjent slik det ligg føre frå styremøte for Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringscenter KF den 27.11.2015. Endeleg tilskot frå Vaksdal kommune vert fastsett når tilsagn om tilskot frå NAV er gitt. Rådmannen får fullmakt til å foreta budsjettjustering inntil kr 16.100,- etter at tilsagn om tilskot frå NAV er gitt.

#### Kommunestyret - Sak 89/2015

#### KOM - Behandling:

Samrøystes vedtak.

#### KOM - Vedtak:

Budsjettframlegget for 2016 for Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringscenter KF vert godkjent slik det ligg føre frå styremøte for Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringscenter KF den 27.11.2015. Endeleg tilskot frå Vaksdal kommune vert fastsett når tilsagn om tilskot frå NAV er gitt. Rådmannen får fullmakt til å foreta budsjettjustering inntil kr 16.100,- etter at tilsagn om tilskot frå NAV er gitt.

#### Saksopplysningar:

Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringscenter KF (AO-Senteret) er eit kommunalt føretak der Vaksdal kommune etter avtale dekkjer sin del av utgiftene i samsvar med det som NAV bidreg med.

Kommunen budsjetterer kvart år med ein sum som vert overført til AO-Senteret til løpande drift.

I budsjettframlegg som er handsama i FPØ-sal 106/2015 er det lagt til grunn eit tilskot til AO-senteret på kr 1.496.500,-, noko som tilsvarer ei auke på 2,7% frå 2015. I budsjettframlegg frå AO-senteret er

det lagt til grunn eit tilskot på kr 1.512.600,-, noko som tilsvare ei auke på 3,8% frå 2015. Det er dermed eit avvik på kr 16.100,- som det ikkje er dekning for i budsjett 2016 for Vaksdal kommune.

Budsjettfordelinga med 50/50 mellom NAV og Vaksdal kommune viser i vedlagte budsjett for 2016 som er handsama i styret 27.11.2015. Løyvinga frå NAV for 2016 er framleis usikker, då AO-senteret ikkje har fått ny avtale for 2016. Vaksdal kommune sin andel er dermed også usikker.